Høyanger kommune

Søknad om helse- og omsorgstenester

Når du søkjer om helse- og omsorgstenester er det Tiltaksteamet som behandlar søknaden.

Søkar

Etternamn, fornamn	Fødd	Tlf
Adresse	Poststad	
Eventuell opphaldsadresse og poststad		Tlf

Sivilstand ☐Einsleg ☐Gift/sambuar ☐Skilt ☐ Enke-/mann

Namn på fastlege/samarbeidspartar (td NAV, PPT, BUP, BVT, Helseføretak, skule, psykolog)

Pårørande/verje

Etternamn	Fornamn	Tlf
Adresse	Postnummer	Poststad
Tilknyting til søkjar ☐ Pårørande ☐ Verje	Skal pårørande/verje vere mottakar av ☐ Post ☐ Faktura	

Kva kommunale tenester søkjer du?
(Sett kryss ved den/dei tenestene du ynskjer)

☐	Avlastingstiltak (barn/eldre)	☐	Dagtilbod eldre eller demens	☐	Heimehjelp
☐	Heimesjukepleie	☐	Hjelpemiddel	☐	Miljøtenester
☐	Middagslevering	☐	Omsorgsbustad	☐	Omsorgsstønad
☐	Psykiatritenester	☐	Sjukeheim, langtidsplass	☐	Sjukeheim, korttids/rehabilitering
☐	Støtte-/treningskontakt	☐	Tryggleiksalarm	☐	Velferdsteknologi
☐	Anna	☐			

Grunngjeving for søknaden

Her skriv du dine hjelpebehov og kva tenester du meiner du treng (bruk eventuelt eige ark)

Signatur søkar: Du gjev no Høyanger kommune fullmakt til innhente og utveksle naudsynt informasjon for å behandle søknaden og utføre tenester.

Stad og dato	Underskrift

Søknad utfylt av:
(Fullmaktsskjema må leggast ved dersom søkar ikkje kan signere)

Stad og dato	Underskrift

ORIENTERING TIL SØKJAREN

Oppheld søkjaren seg på anna adresse enn heimstadadressa si, skal opphalds-adressa skrivast her. Når søkjaren fører opp pårørande, veit sakshandsamar kven han kan vende seg til dersom det er trong for det.

Kryss av for dei tenestene du søkjer om.

Grunngjev kvifor du ynskjer teneste. Skriv på eige ark dersom det ikkje er nok plass her.

- Kva vanskar har du?
- Korleis løyser du desse vanskane i dag?
- Kva hjelp motteke du frå familie eller andre?
- Kva ventar du å oppnå dersom du får tildelt tiltaket/a?

Du har plikt til å gi rette opplysningar slik at tenestetilbodet kan bli så godt tilpassa ditt behov som mogleg.

Saksgang
Sjukepleiar, ergoterapeut og/eller fysioterapeut vil ta kontakt med deg for å avtale heimebesøk. Dei vil rådføre seg med deg og stille spørsmål om kva hjelp du treng, helsetilstanden din, kor praktisk bustaden er. Dei vil også orientere deg om dei kommunale tenestene og hjelpetiltaka. I heimebesøket kan du ta med andre personar etter eige ynskje. Etter heimebesøket vert det utarbeidd ei fagleg vurdering med ei tilråding som vert gjeve til Tiltaksteamet.

Tenester, jamfør helse- og omsorgstenestelova:
Heimesjukepleie, heimehjelp, dagtilbod demens, sjukeheimsplass (langtids/korttids/rehab), avlastningstiltak (barn/eldre), miljøtenester (praktisk bistand/opplæring), støtte-/treningskontakt, omsorgsstønad, psykiatriteneste

Kommunale serviceytingar (ikkje lovpålagt):
Omsorgsbustad, dagtilbod, tryggleiksalarm, velferdsteknologi, middagslevering

Søknaden din og den faglege vurderinga vert handsama i Tiltaksteamet. Når det er fatta vedtak vil du få dette tilsendt.

Søkar kan krevje innsyn i kva informasjon som er registrert. Spørsmål om innsyn skal rettast til Tiltaksteamet.

Signatur søkar:
Eg har sett meg inn i orienteringa vedkommande saksgang, og er innforstått med at kommunen vil gjere ei tverrfagleg saksutgreiing. Når ein signerer gir ein samstundes fullmakt til at Høyanger kommune kan utveksle nødvendige opplysningar med andre offentlege organ (td fastlege, spesialist-helseteneste, kjernejournal, Alarmsentralen IKS mm) for å behandle søknaden og utføre teneste.

Adressa til Tiltaksteamet:

Høyanger kommune
Tenesteområde helse og omsorg
v/ Tiltaksteamet
Postboks 159
6991 HØYANGER
Sentralbord: 57711500